



Blåkkokka barnehage
Melandsvegen 38
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1702 - 15/23059

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2015

Vedtak om tildeling av kvalitetsmidlar i 2015.

Meland kommune ved barnehagefagleg rådgjeveneste har fatta vedtak om at Blåkkokka barnehage får tildelt kr. 1 016 016,- i ekstraordinært tilskot til styrking av kvaliteten på det pedagogiske arbeidet i 2015.

Kommunestyret i Meland vedtok i sak 85/ 2015 å tildele ekstra kvalitetsmidlar til barnehagane etter søknad frå barnehagane. Midlane er ikkje ein del av minimumstilskotet som omfattar barnehagesektoren og tilhøyrande forskrift og rundskriv.

Meland kommune mottok i juni 2015 søknad om midlar til kvalitetsarbeid i Blåkkokka barnehage. Søknadsummen var på kr. 1 016 016,-. Midlane skal i høve søknaden verte nytta til tiltak som som kan fremme kvalitetsarbeid.

Grunngjeving for vedtaket er innhaldet i søknaden frå barnehagen som grunngjev at den økonomiske stoda for 2015 gjer at barnehagen treng ekstra kvalitetsmidlar. Kommunen vil ut frå desse opplysningane tildele barnehagen beløpet det vert søkt om.

Dette er eit vedtak etter forvaltningslova §24. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald vert klagen sendt til den kommunale klagenemda i Meland kommune, og kan verte påklaga.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Blåklokka barnehage

Melandsvegen 38 5918

FREKHAUG